

Peder'n i Bakkjen

Handleturen

Det hørdest eit høglydt gjesp innafrå det vesle tømmerhuset, i det sola kikka opp over fjellkanten. Gloheite solstrålar trefte husveggen. Peder'n strekte seg i senga og gjespa ein gong til får å få nattesøvnen ut av kroppen. Det small og knitra i dei tørre tømmerveggene etterkvart som sola varma dei opp.

«Jaa, jaa, jaaa, haaa,» mumla han medan han gjespa for tredje gong. Peder'n heiv teppet til sides og slengde føtene fram på golvet. Han vart sitjande ei stund å gnikke søvnen ut av augo før han reiste seg og starva bort til glaslet.

Fjorden nedanfor låg svart og stille, berre ein og anna små pal laga små ringar i sjøen. Eit måsepar skreik og skvaldra bort på holmen, der dei heldt på med ein heftig kurtise.

«Da e'kje likt for alle,» grynta han og gjekk bort til vaskefatet å skvette litt vatn i fjeset. Han hadde eingong i tida kurtisert han òg, men det kjendes som ei evigheit sidan. Han hadde hatt eit kvinnfolk inne i Bergen får mange år sidan, men det gjekk til «devels» det òg, slik som det meste av det han hadde prøvd her i livet. Sjølv om han hadde passert dei femte for ei god stund sidan, så måtte det vel finnast eit kvinnfolk som tykte at han var litt tiltrekkjande endå, sjølv om han hadde tendensar til "pondus".

Til helvete med dei alle i hop han skulle nok klare seg. Her heime i denne gudsforlatte bygda, var det ikkje så mange kvinnfolk at det gjorde noko.

Han tørka ansiktet med ein skittengrå handduk, treiv broka som låg på golvet og gjekk mot døra medan han streva med å få føtene inn i brokbeina. Det skarpe sollyset blenda han i det han kom ut. Han gjekk bort til storapalen og slo lens medan han myste mot sola.

«Da blir blir hett i dag!» Han var vand med å snakke med seg sjølv. Her var jo ingen andre å snakke med, og dessutan var det ein fordel å snakke med seg sjølv for då fekk han det svaret han ville ha.

Han gjorde seg ferdig med morgontoalettet og gjekk inn får å få seg litt mat på morgonkvisten. Kaffi gadd han ikkje å lage, det vart for mykje arbeid. Dessutan måtte han fyre opp i den gamle vedkomfyren og då vart det ikkje verande inne no sommars dagen. Han tok fram det veke gamle brødet og skar seg ei skive, hadde på dugeleg med smør, gammalost og sirup. Så skålte han eit skitten krus etter dagen før og helte oppi surmjølk som han hadde fått kjøpt hjå naboen.

«Eg lyt visst ta meg ein tur på krambua i dag!» mumla han, medan han togg på den tørre brødiskiva som liksom berre voks i kjeften hans. Han skålte det ned med surmjølka som rett nok ikkje var av nyare dato den heller. Etter å ha fortært eit par brødiskiver, tok han hatten ned frå spikaren attmed døra og gjekk ut. Så låste etter seg og la kursen nedover bakkane mot sjøen.

Han forbante gamlingane i nord og i nør for at dei hadde busett seg så langt oppe i desse hersens bakkane, og no var alt dette hans. Jaja, det var no fint her opp òg, det var tross alt barndomsheimen hans, sjølv om det berre var ein husmannsplass. Men det var så helsikes bratt og kondis hadde han ikkje for mykje av etter alle desse åra inne i by'n. Etter at foreldra gjekk bort hadde han flytta heim att slik at ikkje husa skulle stå tomme og for felle. Dyra hadde gamlingane selt då dei ikkje greidde å stelle dei lenger. Peder'n hadde ikkje fått seg noko arbeid enno, men han hadde litt trygd, det heldt no så vidt til salt i grauten. Han hadde vore uheldig og ramla ned på ein byggeplass inne i by'n og skada seg i ryggen, etter det hadde han berre vore halv arbeidskar.

Han småsprang nedover bakkane og nynna på ei gammal skillingsvise. Humør hadde han sjølv om han var ein grine bitar i andre sine auge. I det same han hoppa ned frå ein liten stein som låg attmed den smale stien, trakka han i ei kyrerue og for på ræva og landa inn i ein sparkebusk med føtene i veret.

«Livet i Fjorden»

«SATAN!!»

Peder'n var ikkje den som sparte på krutet når noko gjekk han imot. Han kave seg fram att, og såg rundt seg om det var nokon som hadde sett eller hørt han, men så tidleg på morgonkvisten var det nok ikkje så mange folk som var ute og farta. Han børsta av seg det meste av sprake nålene og tørka kyredriten av skoen med ein grastust før han gjekk vidare. Litt meir varsamt denne gongen.

På den gamle kjerrevegen langs med sjøen, kom Borghild i Hamna gåande med ein gammal og velbrukt ryggsekk på ryggen. Ho måtte på krambua å kjøpe litt småtteri til helga. Det var ikkje første gongen ho måtte gå den lange vegen for å handle. Mannen hennar, Jon, var ikkje av det slaget som rei den dagen han sala. Større latsabb skulle ein leite lenge etter, men berre han fekk liggje ned med sjøen å pusse på den gamle snekka, så var alt i orden. Ikkje kunne han gå med båten til krambua heller, for det var alltid eit eller anna med motoren som ikkje virka. Og det vesle jordstykke deira gav han blaffen i, det var ho som måtte slå med lang orv, hesje og bere høyet i hus. Ikkje eingong ungar gadd han lage, latsabben! Ho hadde mest lyst å rømme frå heile greia, men det var nok ikkje så enkelt. Kva med han Jon? Han hadde vel dauda framfor brød skuffa. Nei, det gjekk ikkje, ho ville ikkje ha livet hans på samvitet. Dessutan var det no eit lite pust i bakken dei gongene ho måtte gå på krambua, der fekk ho tross alt treffe andre folk og frette litt nytt i bygda.

Ho stansa får å tømme eine skoen for ein småstein som låg og gnog, då ho hørde eit kaldsleg brøl oppe i lia. Det gjekk kaldt ned etter ryggen hennar med det same, men så hørde ho ei stu banning som ikkje var til å ta feil av.

«Jasså! Peder'n er heime!» sa ho høgt med seg sjølv. Han skulle kanskje på krambua han òg? Og sidan han kom denne vegen hadde han heilt sikker tenkt å ro i det fine været. Kanskje ho få sitte på med han, så fekk ho litt selskap på vegen.

Ho hadde alltid likt Peder'n, sjølv om han var ein grine bitar. Men det var vel ikkje så rart, innbarka ungar som han var. Dei hadde på ein måte vore kjærastar den gong dei gjekk i skulen, men det var lenge sidan. Ho hadde faktisk vore litt forelska i han i ungdomstida òg, dei hadde dansa tett saman på lokalet heile kveldane, men det vart aldri noko meir enn ein klem når dei skildest. Då han reiste til by'n hadde ho ikkje hatt noko kontakt med han, det var så sjeldan han var heime. Og då Jon kom inn i bilete vart han på ein måte gløymd.

«Rart at han ikkje er gifte!» tenkte ho.

«Han er då framleis ganske tiltrekkjande, spør du meg!»

Borghild stansa bak den store bjørka som stod eit stykke utanfor bua til Peder'n. Ho ville vente til han var kommen heilt ned til bua før ho gjekk vidare. Det måtte ikkje sjå ut som ho stod og venta på han, det kunne misforståast, både hjå Peder'n og andre som måtte vere ute i same ærend.

Der kom han! Jau, Peder'n var stille han, småvoksen, brunbarka i ansiktet og rett i ryggen som ein tjuetåring. Ho kraup endå meir saman bak den tjukke bjørkeleggen då han kom ned på vegen, spytta karsleg og forsvann inn på bua.

Peder'n smelte bu døra att etter seg då han kom inn på bua, humøret var ikkje akkurat det beste etter rundkastet oppe i bakkane. Han stakk handa inn i ein not dunge som låg borti eine kroken og trakk fram ei flaske med dobbeltrensa. Det var godt å ha eit lite lager her og der når verda gjekk han i mot. Han opna flaska og tok seg eit par store slurkar før han sette korken på flaska og putta ho inn i not dungen att.

«Hallo! E da folk her? Hallo!»

Peder'n skvatt til og rende hovudet opp i ein bjelke så han såg både sol og stjerner.

«Åå..dæven han inderleg...»

Han vart ståande å halde seg på hovudet og ynke seg medan han glodde olmt på skapningen som stod bort i døra. Det såg meste ut som ein engel som stod der, men så daud slegen var han vel ikkje at han såg englar?

«Kem f.f.fan e du?»

«Livet i Fjorden»

«Da var ikkje meininga å skremme deg Peder! Eg berre lurte berre på om du skulle på krambua du òg, får då kunne eg kanskje få følgje deg den siste biten?»

«Å fan e da deg Borghild! Du får unnskylde, men eg venta ikkje å treffe folk so tidleg på dag, i all fall ikkje inne på mi eiga bu!»

Peder'n fortsette å stire som i transe. Han hadde ikkje sett Borghild på år og dag, og ho var slett ikkje vorten styggare med åra, det såg han.

«Jau visst kan du få følgje meg!» svara han om sider.

«Du får berre stige på! Men eg må ause båten fyrst, det er eit bord som er sprukke så han lek so ei kjipe!»

Han opna døra ut mot sjøen og hoppa ned i båten som var halv i vatn og tok til å ause.

Borghild følgde etter og stod i døropninga å såg på han. Det var noko ved han som tiltrekte henne, men ho visste ikkje kva det var. Han var verken pen eller stygg, men han var tiltrekkjande på ein måte som ho ikkje kunne forklare.

Peder'n hivde den siste vass skvetten over bord og tørka sveitten med handbaken medan han snudde seg mot Borghild som stod i døropninga.

«Ja, no e da berre å stige om bord i mi ringe skute!» sa han og kasta laust akter fortøyinga og drog båten heilt inn til leideren som gjekk frå bu døra og ned i sjøen. Han kjende at dobbeltrensaren tok til å virke, kanskje skulle han ha seg ein ørliten styrkedråpe til før dei la i veg?

Borghild var allereie på veg ned leideren, Peder'n vart berre ståande å stire på dei brune leggene hennar som stakk ned under den lette sommarkjolen, men i det same ho skulle stige om bord, gleid båten litt ifrå og ho heldt på å misse balansen. Peder'n treiv fatt i ho så ikkje ho skulle dette på sjøen.

Borghild sette i eit hyl med det same båten for unna henne, men då ho kjende armane til Peder'n rundt livet, slappa ho av og lente seg inntil han slik at ho heldt balansen.

Peder'n vart kortpusta og heit i toppen av å ha ein kvinnekropp så tett innpå livet, han hjalpente henne ned på baktofta og klatra fort inn på bua. No måtte han i alle fall ha ein ørliten stor dobbeltrensa, for dette vart i meste laget for ein innbarka ungar.

Ein hegre letta med eit hest skrik i det same dei runda neset og svinga innover fjorden. Borghild sat på baktofta med føtene ut i båtsida slik at Peder'n skulle få spenntak når han rodde. Ho kjende ei uro i kroppen som ho ikkje hadde kjent tidlegare, men det var vel det fine sommarveret som gjorde henne så opprørsk.

Peder'n rodde som besett og prøvde å unngå å møte augo hennar, men det var ikkje så lett når ho sat så nær. Føtene hadde ho flytta ut i båtsida slik at han skulle få spenntak, men av og til kom han borti dei nakne leggene hennar og då var det mest som nakkehåra reiste seg på hovudet.

Å fan! Der gleid kjolen over kneet! Augo gjekk mest om skot i skolten på Peder'n, han tok ekstra godt spenntak og rodde på spreng med det resultat at foten glapp og han heldt på å ramle av tofta.

«Da va fælt so travelt du fekk da Peder!» sa Borghild og drog kjolen nedover kneet att.

«Ja, dei...dei...dei opna snart på krambua, så da gjeld å vere dar so tidleg so råd er!» Stotra han, litt flau over at han skulle vere så klossete overfor eit kvinnfolk.

«Me får vel da me skal ha om me kjem litt etter opningstid!» svara Borghild og retta seg litt opp på tofta. Det var ikkje så lett å sitte i ein liten robåt i kjole utan å sitte litt uanstendig, men det fekk no våge seg, Peder'n hadde vel sitt såpass før skulle ein tru.

Det vart ikkje sagt så mykje under resten av roturen. Peder'n torde ikkje sjå så mykje bakover, men konsentrerte seg om å halde kursen. Det skulle ta seg ut om han rodde på småskjæra med kvinnfolk om bord.

Han la inntil den gamle steinbryggja og fortøydde båten. Borghild kom seg på land ved eiga hjelp, heldigvis, tenkte Peder'n. Han hadde komme til å svime av dersom han skulle ha meir nærkontakt med eit slikt stykke kvinnfolk.

«Eg får vel lov å følgje deg attende òg?» spurde Borghild i det ho gjekk på land.

«Livet i Fjorden»

«Jau, da får no bli ei råd med da!» svara han, og la årane pent i båten før han følgde etter henne opp på brygga.

Sjølv om det var tidleg på dag, var det alt kommen eit par kalla som sat på brødkassen utanfor døra. Det var Lass'n på Neset og Bendikt'n i Lorthola som sat og småprata i morgonsola. Dei gløtte opp då dei fekk auga på Borghild og Peder'n, som kom eit par skritt bak ho. Lass'n harka voldsomt og sende ei brune tobakksklyse bortetter grusen.

«Jasso! Ha du fått deg mannskap i dag Peder?» spurde han, medan han sende ei ny klyse som trefte akkurat der den første hadde landa. Borghild smatt inn døra til butikken utan å ense dei, desse to kranglefantane kunne ho styre si begeistring for.

«Ja, dei kalla da så mangt!» svara Peder'n.

«Ho skulle no liksom same vegen, så da va vel rett og rimeleg at eg tok ho med!»

«Ho e eit bra stykkje kvinnfolk, ho dar!» kremta Bendikt'n og skjegla opp på Peder'n.

«Det e berre så synd at ho e gifte!»

«Gifte og gifte!» humra Lass'n og sende den tredje tobakksklysa bort til dei to andre.

«Eg veit ikkje ka eg ska kalle da! Da er no ikkje noke til kall ho har, meina no eg! Ein latsabb ha da no vore i alle dage!»

Peder'n let dei to kallane sitte der å filosofere, det var best å ikkje legge seg ut i nokon diskusjon, så han skunda seg inn på krambua utan å svare dei.

Han helste på Knut'n då han kom inn, han var i full sving med å ekspedere Borghild så Peder'n tok seg ei runde får å sjå kva som fans av varer. Krambua var ikkje så stor, men vare utvalet var imponerande. Under tak bjelkane hang det sko og hesje streng, sauebjøller og anna forbruksvarer. Bakom disken stod det sirupsfat og sildetønner, smør og flesk i ei herleg blanding, og på den eine enden av disken stod det krukker med kandissukker og andre godsaker.

Han sette seg ned på ein krakk som stod borti omnskroken får å vente på tur.

«Du er tidleg på'an i dag Peder! sa Knut'n og slengde litt smør oppå eit papir som låg på vekta.

«Eg var brødlause, og då tenkte eg da va best å vere tidleg ute!» svara Peder'n.

«Ja, brød må ein han!» sa Knut'n.

«Va da då noke meir so frua trenge?»

«Nei eg trur eg har fått med meg da meste!» svara Borghild. Det som ho trengde mest av alt kunne nok ikkje Knut'n hjelpe ho med, tenkte ho, og rødma ved sin eigen tanke.

«Ja, værsågod Peder, då e da vår tur!» sa Knut'n og gnikka seg i nevane. Han stor kosa seg kvar gong det kom klingande mynt i kassen, for pengar hadde han greie på og gniten var han som ei lus. Peder'n reiste seg og overlet krakken til Borghild, ho ville vente til Peder'n var ferdig med å handle før ho gjekk bort att til båten. Dessutan kunne ho styre sin begeistring får dei to som sat ute på brødkassen og slengde drit.

Peder'n fekk det han skulle ha, og gjekk mot døra.

«Ja då er da vel best å komme seg heimover veit eg!» sa han og skjegla bort på Borghild.

«Skal eg hjelpe deg å bere? Eg har ikkje så mykje, so eg kan no ta med nokre av varene dine òg!»

«Takk skal du ha Peder!» svara ho.

Dei samla saman varene og gjekk ut i den brennande sola. Dei to kallane sat på same plassen og myste mot dei idet dei kom ut. Peder'n unngjekk så vidt ei brune stråle som for forbi døra.

«Har de handla på fellesen i dag sida de bere så tungt?»

Lass'n likte å vere ute med kjeften sin.

«Du burde kanskje handle å komme deg heim att du òg Lasse!» svara Peder'n bryskt.

«Da e altfor fint vær å sitte her no midt i slåtten!»

«Så sant, så sant, men vi lyt no følgje med ka so skjer i bygda!» svara Lass'n og sende ei ny klyse etter dei.

Peder'n lest som ingenting og gjekk vidare med Borghild hakk i hæl. I augnekroken såg han at Knut'n kom ut òg, og det vart ei gap skratting utan like av dei tre kallane.

«Livet i Fjorden»

«Jau, dei fekk noke å snakke om no!» tenkte Peder'n med seg sjølv. Dei kunne få ei fjør til å verta ti høns dersom det var noko dei fann ut som var verdt å sladre om.

På turen heimover vart det ikkje sagt så mykje, Borghild hadde litt vondt av Peder'n sidan ho hadde vorte med han på krambua. Ho visste at det kom til å verte bygde sladder, men akkurat det brydde ho seg ikkje om. Stakkars Peder, det var han som måtte tåle støyten. Ho såg bort på han der han sat og rodde med lange seige tak. Den som hadde vore fri og frank, tenkte ho, og sukka høgt. Peder'n møtte blikket hennar og ho kjende at hjarta slo litt fortare.

«Du ser so tankefull ut!» sa Peder'n.

«Dersom da e bygde sladder du er redd fy, so ska du ikkje bry deg om da! Da må no vere lov å gjere folk ei teneste utan at hitt folkjet skal legge seg opp i da!»

«Eg tenkjer ikkje på da!» svara Borghild og såg vekk. Kjolen hennar hadde glidd litt opp sidan ho måtte sitte litt skrått på tofta. Peder'n prøvde å unngå å sjå på dei nakne knea hennar, men augne vart liksom dregne den vegen uansett kor mykje han strevde med å sjå andre stad. Det var mest som om han hadde ynskt han var sjegle. Han var glad at dei var framme ved bua, elles hadde han vel rodd på land for lenge sidan.

Han fortøydde båten og begynte å lempe varene på land. Borghild hadde handla mykje, så det vart nok tungt for henne å bere alt det siste stykke. Men ho var sterk som ein okse sjølv om ho ikkje var så stor av vekst.

«Ja no ska du ha takk for skyssen Peder!» sa ho i det ho tok på seg sekken.

«Å, da e no ikkje så mykje å takke for!» svara Peder'n.

«Da skulle no berre mangle at du ikkje skulle få vere med når eg skulle same vegen likevel!»

«Ha da godt Peder!» ropa ho i det ho forsvann ut døra.

«Ha da!» mumla Peder'n.

Han vart ståande å sjå etter henne der ho for gåande ut etter vegen.

«Fy fan for eit stykke kvinnfolk!» sa han høgt med seg sjølv. Han snudde seg brått og gjekk bort til not dungen og trakk fram flaska med dobbeltrensa og tok seg eit par dugelege slurkar. Han hadde ikkje hast med å komme seg heim, for der var det ingen som venta på han likevel.

Det leid langt på ettermiddagen, og inne på bua låg Peder'n og sov som ein liten unge, spriten hadde slege han heilt ut i den sterke varmen. Han var midt inne i ein draum der han liksom flaug over eng og skog, og midt på ei slette i skogen stod ei vakker kvinne og vinka til han. Ho hadde lang mørkt hår som flagra i den lette sommar brisen, og ein tynn kvit kjole som smaug seg tett inntil kroppen hennar som eit slør.

Va da ikkje?...Jau, visst var det Borghild som stod der nede og vinka til han. Han vinka attende, men i det same flaug han rett inn i eit bjørkekratt og vart hengande fast i greinene.

Peder'n vakna i det same han trefte buskene. Eit gammalt sildegarn som hang på ein lunne over han hadde ramla ned, så no sat han faktisk i garnet, bokstaveleg talt. Han bante og kava med armar og bein for å komme seg laus, men til meir han kava, til meir vikla han seg inn i garnet. Peder'n var raud i fjeset som ein ny kokt hummar og blæs i nasa som ein storokse, i det han prøvde å reise seg opp. Men i det same han kom seg på beina, fekk han overbalanse og for på trynet inn i mellom nokre laksenotkaggar som stod oppstabilia borti eit hjørne slik at dei trilla til alle kantar med dunder og brak. Han vart liggjande å puste som ein blåsebelg ei heil stund, så treiv han etter slirekniven som han alltid bar på seg, men det var ikkje så enkelt når ein var innvikla i eit sildegarn. Han fekk omsider laus kniven og skar i garnet som om det skulle vere eit vilddyr han hadde med å gjere. Omsider var holet i garnet så stort at han kunne komme seg laus, han seig ned på eine laksenotkaggen, heilt utferen etter kampen. På golvet framfor han hadde det trilla fram ei ølflaske som liksom låg der og blunka lurt til han. Peder'n glodde olmt på ho; «Du skal fan meg ikkje bli gammal morr!» Han treiv flaska og opna ho med kniven som han framleis hadde i handa og sette ho for munnen og drakk heile flaska i ein sup. Han heiv etter pusten og slengde tomflaske bort i ein krok og gjekk mot døra medan han rapa høglydt.